

**Sakshandsamar:**

Lena Merete Söderholm
E-post: lena.soderholm@sfj.no
Tlf: 57 65 62 58

Vår ref.

Sak nr.: 07/4709-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt


Internt l.nr.
23672/07

Dykkar ref.
07/4072 SØ ARO

Dato
LEIKANGER, 12.12.2007

Det Kongelige Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO




Innspel til utgreiing om betaling for bruk av areal i kystsona

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil med dette gje svar på eit noko overordna grunnlag på førespurnaden om innspel til den interdepartementale arbeidsgruppa. Vi ser at problemstillinga med betaling for bruk av areal i kystsona reiser mange problemstillingar, og at mange av desse heng tett i hop. Vi vil likevel peike på nokre synspunkt vi meiner det er viktig å ta omsyn til når dette vert drøfta.

Deler av kysten opplever at mangel på areal allereie no er eit reelt problem, t.d. slit oppdrettsnæringa i mange fylke med å finne nok eigna tilgjengelege lokalitetar. Difor vil nok interessehevdning frå mange ulike brukarar truleg berre auke i åra som kjem, etter kvart som fleire areal vert bandlagde ved bruk som utelet andre brukarar.

Mangel på lokal kunnskap om kva kvalitetar dei ulike delane av kystareala har, kombinert med mangel på oppdatert kunnskap om kva krav brukarane av arealet har, er ei alvorleg utfordring for alle som skal forvalte kystområda. I mange høve er kystsoneplanlegging ikkje meir enn "kvalifisert gjetting". Ein kan i denne samanhengen ikkje laste kommunane for at desse i dag ikkje har den spisskompetansen som kompetansebasert arealplanlegging i sjø krev: m.a. kjennskap til artane sine spesifikke biologiske krav til omgjevnadane, god forståing av økologi, biologi, hydrografi, brukaravveging etc. Det er no uhyre viktig at kunnskapsgrunnlaget og kompetansen knytt til arbeidet med kystsoneplanlegging vert oppgradert og gjort tilgjengeleg for m.a. kommunane.

Så langt har det vore "først til mølla"-prinsippet som meir eller mindre har vore rådande politikk når nye område/lokalitetar langs kysten skal takast i bruk. Vi bør no snu oss raskt i retning av kunnskapsbasert planlegging basert på lokal kunnskap og forståing av kva krav ein skal stille til fysiske og biologiske eigenskapar ved lokalitetane. Vi vil i denne samanhengen peike på eit forprosjekt (AkvaVis) som er gjennomført som eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, der ein i tett samarbeid med Havforskningsinstituttet (HI) har utarbeidd eit sett grenseverdiar for ulike artar sine spesifikke biologiske krav for å sikre optimal vekst. Dette er innarbeidd i ei GIS-basert løysing av eit planleggingsverktøy (beta-versjon) utarbeidd av Christian Michelsen Research (CMR) i Bergen, og som vil vere klar for demonstrasjon rett over nyåret. Det er fyrste gongen det er gjort eit forsøk på å samle og fastsette biologiske/fysiologiske grenseverdiar sett frå oppdrettsorganismen sin ståstad. Og dette i eit land som har hatt ei oppegående oppdrettsnæring i meir enn 30 år.



Det er vår tru at nokre av dei interessekonfliktane vi ser i dag, relatert til kamp om areal, og kanskje då særleg mellom ulike opprettsartar, faktiske kan løysast ved auka kunnskap.


Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det er prinsippielt urett at den konsesjonsavgifta som næringa allereie i dag betalar for ein oppdrettskonsesjon på laks, skal tilfalle staten og ikkje den kommunen der denne er lokalisert (Sak 01/05 i fylkeskommunen sitt hovudutval for plan og næring). Uavhengig om ein fell ned på ei ordning med betaling for bruk av areal, bør det gjerast endringar i konsesjonsavgifta, slik at kommunane får sin rettmessige del av denne.

På spørsmål om kven som skal betale for "leige" av sjøarealet, ser vi inga enkel løysing på dette. Aktørane i kystsona har alle ulik grad av betalingsevne, og ein må vere varsam slik at ein ikkje får eit system der dei som kan betale mest, vert prioriterte framfor andre interessentar.

I Kyst-Noreg vert det i dag mange plassar lagt ned mykje arbeid med å bygge opp ei lønsam sjømatbasert næring (utover laks/aure), og ekstra avgifter kan gjere det vanskeleg å lukkast i dette arbeidet. Om det skal fastsettast ei arealavgift, bør denne stå i høve til faktisk sal av produktet som vert produsert på lokaliteten, slik at bedrifter som er i ei oppbyggingsfase, ikkje vert utsette for denne avgifta før dei har kome opp i eit visst salsvolum.

Arealplanlegging i sjø er "prematurt" i høve planlegging på land, og det er viktig at ein legg til grunn premisser som er særskilde for sjøbasert planlegging når ein snakkar om planlegging i "kystsona". Det er difor viktig at ikkje altfor store deler av den landbaserte kyststripa vert inkludert i omgrepet "kystsona" i denne samanhengen. Men det må likevel takast omsyn til den delen av landbasert aktivitet som faktisk er avhengig av sjøkontakt for å drive.

Med helsing


Velaug Væum
fylkesdirektør


Lena Merete Söderholm
rådgjevar

Mottakar

Det Kongelige Finansdepartementet, Postboks 8008 Dep, 0030 OSLO